

Sandtak Vie

Oppdragsgjevar Magne Hafstad AS
Oppdrag Detaljregulering for Sandtak Vie
Rapport type Planomtale med ROS-analyse og føresegner
Prosjektnr. 16153
Dato 27.06.2018

Reguleringsplan




Førde kommune | Detaljregulering Sandtak Vie

Innhold:	side		side
1 Kort om planforslaget	5	5.1	Bakgrunn 18
1.1 Lokalisering og avgrensning av planområdet	5	5.2	Skildring av analyseobjekt 18
1.2 Samandrag	5	5.3	Forholdet til overordna ROS-analyse 18
2 Plangrunnlag	7	5.4	Kartlegging av moglege hendingar/potensielle farar 18
2.1 Eksisterande situasjon	7	5.5	Grunnforhold 22
2.2 Plansituasjon	7	5.6	Dambrot 22
2.3 Analysar som arbeidet er basert på	9	5.7	Elveflaum 23
3 Planprosessen	10	5.8	Vind- og nedbørsutsett 23
3.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet	10	5.9	Forholdet til naturmangfaldlova 23
3.2 Vurdering etter <i>Forskrift om konsekvensutredninger</i> (KU forskriften) – Planprogram	11	5.10	Kulturminner 24
3.3 Medverknad	11	5.11	Grunnvatn 25
3.4 Konklusjon og samla vurdering av innkomne innspel	11	5.12	Støy og støv 25
4 Planområdet – eksisterande situasjon	12	5.13	Høgspenlinjer 25
4.1 Bruk av planområdet	12	5.14	Risikomatrise for planforslaget 26
4.2 Eigedomstilhøve	12	5.15	Oppsummering konkrete tiltak 26
4.3 Kulturminne og kulturmiljø	12	6 Skildring av planforslaget	27
4.4 Landskap	13	6.1	Planlagt arealbruk 27
4.5 Friluftareal, rekreasjonsverdi og bruk	14	6.2	Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål 27
4.6 Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar	15	6.3	Universell utforming i planforslaget 29
4.7 Jordressursar/landbruk/skogbruk	15	6.4	Omsynssoner 29
4.8 Støy og støv	17	6.5	Føresegnområde 30
4.9 Barn og unge sine interesser	17	6.6	Informasjon om mineralførekomsten 30
4.10 Universell utforming	17	6.7	Etterbruk av masseuttaket 31
5 Risiko- og sårbarheit (ROS-analyse)	18	6.8	Driftsplan 31
		6.9	Tidsplan 31
		6.10	Uttak av massar 32
		6.11	Førekostvurdering av sand og grus 32
		7 Konsekvensutgreiing	33

7.1	Kulturminne og -miljø _____	34
7.2	Landskap _____	34
7.3	Støv og støy _____	35
7.4	Hellingsgrad og skråningar _____	35
7.5	Kvartærgeologi _____	36
7.6	Verknader for Jølstra _____	36
7.7	Risiko og sårbarheit _____	36
7.8	Samanstilling av konsekvensar og avbøtande tiltak _____	38
8	Verknader av planforslaget _____	39
8.1	ROS-analyse _____	39
8.2	Overordna og overlappende planar _____	39
8.3	Staden sin karakter _____	39
8.4	Friluftareal, rekreasjonsverdi og rekreasjonsbruk _____	39
8.5	Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar osv. _____	39
8.6	Jordressursar/landbruk/skogbruk _____	39
8.7	Teknisk og sosial infrastruktur _____	39
8.8	Barn og unge sine interesser _____	40
8.9	Interessemotsetnader _____	40
8.10	Avveging av verknader _____	40
9	Avsluttande kommentar _____	41
10	Metodikk i ROS-arbeidet _____	42
10.1	Metode _____	42
10.2	Vurderingskriterium og akseptert risiko _____	42
10.3	Risikomatrise _____	43
10.4	Krav om arkeologisk utgraving i rpBO- områder: _____	48


1 Kort om planforslaget

1.1 Lokalisering og avgrensning av planområdet



Oversiktskart-detaljreguleringsplanen ligg aust for Førde sentrum.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for masseuttak og arrondering med tanke på bustadbygging som etterbruk. Planområdet har eit samla areal på 181 dekar (daa).



Planavgrensning.

1.2 Samandrag

Planarbeidet vart starta opp av ARKI AS i samarbeid med Flataker Landskap i 2009. Nordplan AS overtok planarbeidet i aug. 2016.

Det er utarbeidd detaljregulering med planprogram og konsekvensvurdering for eit ca 181 dekar stort areal på Vie i Førde.

Føremålet med planen er å regulere for vidare uttak av sand- og grusmassar til eit sluttnivå fastsett i reguleringsplanen. Når massane er tekne ut skal området setjast i stand slik at det kan nyttast til bustad i nord og landbruk i sør. Tiltaket i nord vil krevje ny reguleringsplan.

I kommuneplanen for Førde sentrum er området i sør vist som masseuttak, ein del i nord har status som LNF-område, dette låg inne som masseuttak i førre kommuneplan. I vedtaket til kommuneplanen står det «Etter rådmannen si vurdering vil det pågåande reguleringsplanarbeidet for masseuttaket på Vie framleis kunne halde fram, og at omsyn til kulturverdiane må avklarast i reguleringsplanen.

Den sentrale delen av planområdet er frå før regulert til sandtak, i plan av 1993.

Planen opnar for uttak av om lag 1,5 mill m³ masse.

Det er sett av areal langs med elva for buffervegetasjon.


Verknader av planen er vurderte opp mot tema som er fastsette i planprogrammet. Dette gjeld tilhøva til kulturmiljø og kulturminne, landskap og landskapsbilete, støv og støy, samt hellingsgrad for skråningar.

Arkeologiske registreringar i form av maskinell flateavdekking vart utført hausten 2009. Det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne i to lokalitetar. Det har vore fleire møte og synfaringar med Kulturavdelinga i planprosessen, men sidan ivaretaking av kulturminna ikkje let seg foreine med uttak har ein ikkje lukkast å finne fram til eit omforent planforslag. Riksantikvaren er kopla inn og Kulturavdelinga har varsla at dei vil vurdere motsegn til planforslaget slik det ligg føre no.

Tilhøva til kulturminna vil difor truleg bli det avgjerande punktet i prosessen vidare.

Avbøtande tiltak i form av plantilpassing er foreslått, og krav knytt til universell utforming, kulturminne, detaljregulering og rekkjefølgjekrav er innarbeidde i føresegnene til planen.

Mogleg framtidig situasjon



Vedlagte skisse viser forslag til ny arealbruk.

2 Plangrunnlag

2.1 Eksisterande situasjon

Vedlagte flyfoto viser det viktigaste ved arealbruken i dag.



Flyfoto. Kjelde: Førde kommune.

2.2 Plansituasjon

Miljøverndepartementet har det overordna ansvaret for å utarbeide nasjonale mål og retningslinjer for arealplanlegginga i Noreg. Planar som vert utarbeidd i strid med mål og retningslinjer skal avgjerast av Miljøverndepartementet.

Kommunen må følgje dei retningslinene og måla som statlege organ og fylkeskommunen kjem med i planprosessen. Dei skal sikre at viktige nasjonale og regionale omsyn til ei kvar tid vert ein del av planvurderinga. Det er viktig å ha ein planprosess med eit godt samspel mellom private, lokale interesser og med statlege og fylkeskommunale organ. Kommunen kan eigengodkjenne planen dersom det ikkje ligg føre motsegn frå statleg fagmynde, fylkeskommune eller nabokommune.

Kommunale føringar


Kommuneplanen sin samfunnsdel (2014)

Kommunedelplan energi, miljø og klima 2010-2015 (2010).

Forvaltningsplan for elva Jølstra (1997).

Norm for vatn og avlaup.

Kommuneplanen sin arealdel



Kommuneplanens arealdel, Førde. Vedteken: 28.05.2015

Føresegner

Råstoffutvinning

- I område for råstoffutvinning kan arbeid og tiltak som nemnt i PBL § 1-6 og deling til slike føremål ikkje skje før det føreligg godkjent driftsplan frå Direktoratet for mineralforvaltning og området inngår i reguleringsplan, jf. PBL § 11-9 nr.1.

- Ved regulering til råstoffutvinning skal det m.a. takast omsyn til landskapsbilde, natur – og friluftslivinteresser, kulturminne, kulturlandskap og nærmiljø, jf. PBL § 11-10, nr. 2.

- Ved regulering til råstoffutvinning skal det utarbeidast framdriftsplan for uttak og plan for avfallshandtering, opprydding, tilbakeføring og etterbruk av terreng, jf. PBL § 11-9, nr. 6.

- Etterbruken av område sett av til råstoffutvinning kan med naudsynte konsekvensvurderingar regulerast utan avklaring i overordna plan.


Avvik frå kommuneplanen:

Området i nord har status som LNF-område, dette låg inne som masseuttak i førre kommuneplan. I vedtaket til kommuneplanen står det «Etter rådmannen si vurdering vil det pågåande reguleringsplanarbeidet for masseuttaket på Vie framleis kunne halde fram, og at omsyn til kulturverdiane må avklarast i reguleringsplanen.

Driftsplan

Det skal søkast om driftskonsesjon og utarbeidast driftsplan med bakgrunn i detaljreguleringsplanen. Driftsplanen skal omfatte planar for drift (uttak), plan for avslutning og istadsetting samt plan for sikring både under drift og etter avslutning.

Gjeldende og tilgrensande reguleringsplanar



Gjeldende reguleringsplanar. Kjelde: Førde kommune.

I nord grensar ny plan til «Gang- og sykkelveg Vie – Løland» vedteken 2013. Innanfor planområdet ligg planen «Sandtak Vie», vedteken 1993.

2.3 Analysar som arbeidet er basert på

Analysar som er gjort i samband med planarbeidet

Arkeologiske registreringar vart utført hausten 2009, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Kulturhistorisk registrering 2012, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Vurdering av stabil avslutning av sandtak, datert 14. nov. 2012, Multiconsult.

3 Planprosessen

3.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet

Planarbeidet vart starta opp av ARKI AS i samarbeid med Flataker Landskap i 2009. Nordplan AS overtok planarbeidet i aug. 2016.

Innleiinga til planprogrammet inneheld ei oppsummering av saksgangen fram til juni 2009.

Planarbeidet vart varsla den 30.12.2006. I løpet av prosessen vart området redusert ved at nordlege del av gbnr 43/1 og 43/3 utgjekk. Det vart utarbeidd planforslag på resterande område, og planforslaget låg ute til offentleg ettersyn frå 31.03.08-30.04.08. Planforslaget vart handsama i planutvalet den 12.06.2008 som gjorde følgjande vedtak:

”Planutvalet tek ikkje privat planforslag for sandtak på Vie datert 21.12.07 med føresegner sist revidert 03.06.08 til vidare handsaming. Forslaget vert sendt tilbake til administrasjonen for endring i samsvar med følgjande punkt:

-Planavgrensinga vert endra i samsvar med uttaksområde i kommuneplanen sin arealdel på gbnr 43/1, 2 og 43 og med tillegg av areal som tidlegare er frigjevne av landbruksavdelinga.

-Hellingsgraden for skråningane i sandtaket må verte vurdert endra frå 1:1,5 til 1:2, og det må føreligge fagkunnig avklaring av evt. fare for utgliding/ras for bustad og andre bygg på gbnr 43/43 før planvedtak.”

Planområdet er no utvida i tråd med vedtaket.

Planprogrammet låg ute til offentleg ettersyn i perioden 10.07 - 21.08.2009. Merknadane vart innarbeidde og planprogrammet fastsett i Planutvalet 29.10.2009 (Sak nr 092/09). Dokumentet er lagt til grunn for det vidare planarbeidet.

Arkeologiske registreringar vart utført hausten 2009 og det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne i to lokalitetar. Kulturavdelinga tilrår at begge lokalitetane og tilhøyrande landskapselement vert teke vare på og regulert til omsynssoner.

Tiltakshavar bad i brev av 08.04.2010 om planfagleg råd med utgangspunkt i tre alternativ: A, B og C.

Planavdelinga henta inn uttale frå Kulturavdelinga som ikkje såg noko av alternativa som akseptable, men oppretthaldt sitt syn om vern av kulturminna.

Planutvalet handsama saka 10.06.2010 og gjorde følgjande vedtak (32/10):

-Det vert rådd til å gå vidare med planarbeidet i det utvida planområdet etter alternativ B.

-Framlegg til reguleringsplan Sandtak Vie – G/Bnr 43/1 m.fl datert 21.12.07, skal vurderast med omsyn til hellingsgrad, men elles ha same avgrensing og takast opp til endeleg handsaming.

Møte 29.06.2015 med Førde kommune: For å kome vidare i planprosessen må det utarbeidast eit planframlegg av tiltakshavar.

- Planframlegget må leggest fram for kulturavdelinga før politisk handsaming om offentleg ettersyn.

-Dersom Kulturavdelinga seier seg samd i arealbruken kan planen leggest ut til offentleg ettersyn og det vert søkt om frigjeving av automatisk freda kulturminne.

-Dersom Kulturavdelinga ikkje seier seg samd i arealbruken, vert det fremja motsegn og Riksantikvaren overtek ansvaret for kulturhistoriske vurderingar.

Andre føresetnader:

-Stadfesta planprogram.

-Føringar i kommuneplanen sin arealdel og vedtak i Bystyret 28.5.2015.

Plannamn: Detaljreguleringsplan for Sandtak Vie. Planid: 143220080002.

▪ Detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-3.

Krav om planprogram og konsekvensutgreiing.

3.2 Vurdering etter Forskrift om konsekvensutredninger (KU forskriften) – Planprogram

Arealforvaltning (Førde kommune) har vurdert det slik at planområdet for Sandtak Vie med den siste utvidinga no er så stort (ca 190 daa) og har slike konsekvensar at det må gjennomførast planprogram først i planprosessen. Planprogrammet skal avgrensast til det som er nødvendig å klarlegge i forhold til reguleringsarbeidet.

Arealforvaltning har vidare vurdert det slik at planen er i tråd med overordna plan og at planarbeidet ikkje fell inn under reglande om konsekvensutgreiing.

Det skal skje ei forenkla konsekvensvurdering av området. Vurderingane skal i hovudsak basere seg på registreringar av fagkunnige, fagleg skjøn, synfaringar og andre kjende opplysningar.

3.3 Medverknad

Varsel om oppstart:

Planen vart i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kunngjort oppstarta med annonse i Firda og brev til grunneigarar, naboar, lokale og regionale høyringsinstansar, med frist for merknader sett til 21.08.2009.

Liste over varsla partar går fram av varslingsbrev. Det er kome inn 3 innspel i annonseringsperioden. Desse er oppsummert og vurdert i planprogrammet.

3.4 Konklusjon og samla vurdering av innkomne innspel

Kort samanfatta har ein teke med følgande innspel vidare i planarbeidet:

- For temaet hellingsgrad for skråningar bør det leggjast til at dette må vurderast i samanheng med kva slags etterbruk området skal ha.
- Det er forutsett at planarbeidet skal utarbeidast i samsvar med ny planlov. Arealforvaltning har vidare konkludert med at planarbeidet ikkje fell inn under reglane om konsekvensutgreiing.
- Korleis tiltaket får innverknad på kulturminne, kulturmiljø og landskapet på Vie fysisk og visuelt.

- Perspektivskisser og fotorealisticke attgjevingar av tiltaka i høve til kulturminne, kulturmiljø og landskap er viktige for å få fram konsekvensane på ein god måte.

4 Planområdet – eksisterende situasjon

Tiltaksområdet ligg på Vie om lag 3 km aust for Førde sentrum, jf. figur side 5. Området ligg like aust for elva Jølstra og er omgitt av landbruksareal og gardstun. Eksisterande masseuttak inngår i planområdet.

4.1 Bruk av planområdet

Det har vore massetak i dette området om lag i frå 1950. Områda lengst sør har vore i drift frå 70-talet. Magne Hafstad AS overtok drifta i området tidleg på 90-talet. Tiltakshavar anslår grovt at det er teke ut om lag 560 000 m³, så langt.

I sør består planområdet av eit aktivt masseuttak. I vest ligg tilkomstvegen til eksisterande masseuttak Denne vegen går også vidare til eit gardstun på Viegjerde. Det meste av arealet i nord er ei flate på ca kote +60 med naturlege skråningar ned mot nord, vest og sør. Dette arealet vert nytta som landbruksareal. Mot nord og aust grensar planen til Vievegen.

Avstanden frå eksisterande massetaket til næraste tun i aust er liten (60 m frå uttaksgrensa), men tunet er plassert i bakkant av terreng, slik at ulempene er effektivt dempa.

Framtidig masseuttak i nord grensar mot to gardstun, eit i nordvest og eit i aust.

Det ligg eit areal midt i planområdet som i gjeldande reguleringsplan er avsett til komposteringsanlegg. Dette arealet vert i dag brukt av Førde kommune.

Det renn ei lita grov gjennom planområdet, deler av denne er lagt i rør.

4.2 Eigedomstilhøve


Det er følgjande gards- og bruksnummer og eigarar innanfor planområdet:

Gbnr 43/1: Hallgeir Magne Vie, Vie, 6800 Førde

Gbnr 43/3: Arild Hornnes, Vie, 6800 Førde

Gbnr 43/43: Birgit Astrid og Erik Jon Vie, Vie, 6800 Førde

4.3 Kulturminne og kulturmiljø




Arkeologisk minne. Kjelde: Askeladden, Riksantikvaren.

Funn av stolpehol, kokegroper og eldstader. Funn av eit fyllsjikt og botn av ei delvis vekk pløgd kokegrop. Sjå vedlagt rapport frå kulturhistorisk registrering, datert 03.01.12.



Lokalitet 1 og 2 er avdekka hausten 2009, det austlege funnområdet er frå ei tidlegare registrering. Kjelde: Riksantikvaren.



Lokalitet 1, 2 og 3 Oversikt over lokalitetsflater. Kjelde: Kulturhistorisk registrering, 2012.

4.4 Landskap


Landskapet på Vie er prega av store flate terrasser i ulike nivå og bratte reinekantar mellom desse. Store delar av arealet er flater som ligg i nivå med elva Jølstra som i dette området har eit nivå på om lag kote 12. I aust mot Viafjellet har ein ei stor flate på rundt kote 60. Dette vert rekna som marin grense.

Flatene er i stor grad landbruksareal medan skråningane er til dels skogkledde.

Planområdet strekk seg frå kote 12 ved Jølstra i sørvest til om lag kote 60 ved Vievegen i nordaust. Dei bratte lausmasseskråningane med helling rundt 1 :1,5 er dels naturlege og dels eit resultat av tidlegare masseuttak.

Det er veldefinerte terrengformer innanfor feltet.

Topografi



Hallingsgrad meir enn 30 gr. Geodata Labs – terrengeanalyse.

Solforhold


Planområdet har gode solforhold, då terrengeformene hallar mot vest. Det er ikkje utført analysar for å stadfeste eksakt korleis soltilhøva er her på dei ulike årstidene.

4.5 Friluftareal, rekreasjonsverdi og bruk

Det er ikkje registrert statleg sikra friluftsiinteresser innanfor planområdet (jf. Fylkesatlas. Areal innanfor planområdet (masseuttak, dyrka mark og skog) vert i liten utstrekning nytta til rekreasjon eller leik.

Det er fiskeriinteresser langs med Jølstra.

4.6 Naturverdier, viltinteresser, økologiske funksjonar




Naturtypeområde «Jølstra ved Brulandsberget», markert

Det er registrert eit naturtypeområde gråor-heggeskog vest for planområdet.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar innanfor planområdet, eller spesielle verdier i høve biologisk mangfald. Det er gjennomført enkel synfaring i området og sjekk mot naturdatabasen og miljøstatus norge. Kunnskapsgrunnlaget vert med dette vurdert til å vere tilstrekkelig, i samsvar med Naturmangfoldloven §8.

Forholdet til Natumangfoldloven er drøfta vidare i kapittel 5 - ROS-analyse.

4.7 Jordressursar/landbruk/skogbruk



AR5. Kjelde: NIBIO.


Som figuren over viser er det fulldyrka jord på deler av uttaket i nord og i søraust.



Kjerneområde landbruk, skravert område. Kjelde: Førde kommune.

Kjerneområde landbruk er eit samleomgrep for kjerneområde matproduksjon, det vil sei større samanhengande jordbruksareal med jordsmonn som er spesielt eigna for produksjon av mat. Kjerneområde er vist i figuren over, skravert område i nordvest og i søraust

Trafikkforhold



Vegkart. Kjelde: Statens Vegvesen.

Den kommunale Vievegen grensar til planområdet i nord og aust. Privat veg i vest går gjennom planområdet. Begge vegar skal nyttast som tilkomst til planområdet.

Vatn

Vatn

Det er i dag etablert eit grunnvassborehol på gnr. 43, bnr. 2 som figuren under viser.



Borehull. Kjelde: Granada, NGU.

Totalt dyp av brønn: 105.00 meter

Dyp til fjell: 31.50 meter

Vannføring: 800.00 l/time

Renovasjon

Førde kommune er tilknytt Sunnfjord Miljøverk Iks (SUM, eit interkommunalt selskap). SUM si hovudoppgåve er å ta hand om

hushaldningsavfallet og administrere mellom anna renovasjonskøyning, mottak av avfall på returpunkt, samt vidaresending av avfall. Dei yter tilsvarende tenester til næring.

Høgspenlinjer, ledningar i grunnen og trafostasjonar

Det går ei høgspenlinje gjennom planområdet i retning aust-vest.

Offentlege servicetilbod

Offentleg servicetilbod er lokalisert i tettstaden Førde, om lag 3 km vest for planområdet.

4.8 Støy og støv

Det er lite støy i området i dag då det er spreidd busetnad og ingen kjende støykjelder utanom trafikken i samband med eksisterande sandtak. Det er heller ikkje kjent at der er negative verknader av støv frå masseuttaket i den spreidd busetnaden som er i dag.

4.9 Barn og unge sine interesser

Delar av planområdet er i dag etablert som masseuttak og dermed uaktuell som opphaldsstad for barn. Mot nord er det dyrka mark og skog, så her kan det vere eit potensiale for bruk, men det er ikkje kjent at området vert nytta av born og unge i noko stor grad.

4.10 Universell utforming

Det er ingen særskild tilrettelegging pr. i dag.

I regjeringa sin handlingsplan for auka tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne finn vi følgjande definisjon og forklaring av universell utforming:

”Universell utforming betyr at produkter, byggverk og uteområder som er i alminnelig bruk, skal utformes på en slik måte at alle mennesker skal kunne bruke dem på en likestilt måte så langt det er mulig uten spesielle tilpasninger eller hjelpemidler.

”Dette inkluderer funksjonsnedsettelse knyttet til syn, hørsel, bevegelse, forståelse og følsomhet for miljøpåvirkning (astma- /allergi).”

Byggeområde og trafikkområde uterom skal utformast med tilfredsstillande tilkomst. Vegar, uterom og gangvegar skal utformast slik at personar med nedsett funksjonsevne kjem seg lett fram.

5 Risiko- og sårbarheit (ROS-analyse)

5.1 Bakgrunn

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-3 samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse har ein vurdert alle risiko- og sårbarheitsforhold som har innverknad på om planområdet er eigna til arealbruksføremåla og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å oppnå akseptabel risiko. Meir om metodikken for ROS-arbeidet er utgreidd i kapittel 10.

5.2 Skildring av analyseobjekt

Planområdet består for det meste av eit masseuttak og dyrka mark. Sørlege del av området består av eit aktivt massetak der nedre del ligg på høgde kring 12 – 16 moh, og nordlege del med dyrka mark, ligg på rundt 60 moh. Det er etablert ein bygning innanfor planområdet, som vert nytta i samband med kommunens komposteringsanlegg. I aust og nordvest grensar planen til busetnad/ gardstun.

5.3 Forholdet til overordna ROS-analyse

Førde kommune har utarbeidd overordna ROS-analyse i samband med høyringsutkast til kommuneplanen. Analysen under tar omsyn til denne og funn/forhold som er relevant for vårt planområde.

5.4 Kartlegging av moglege hendingar/potensielle farar

Potensiell fare er vurdert gjennom analyseskjema. Tenkjelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak er samanfatta i følgjande tabell. Alle punkt i sjekklista er vurdert. Urealistiske hendingar knytt til denne planen er teke ut etter eit fagleg skjønn. Risiko = Sannsyn x Konsekvens.

Sjekklista sine punkt skal omfatte både hendingar som er aktuelle i no-situasjon og som er konsekvensar av å gjennomføre planen.

Tabell 2 Analyseskjema

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før planen	Kons av planen	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak	Kjelde
Sjekkliste:							
Natur- og miljøforhold							
Ras/skred/flom/brann							
1. Steinsprang	NEI	NEI					NVE.
2. Masseutgliding/ grunnforhold	JA	JA	2/2	2/4	8/8	Kan vere marine avsetningar i grunnen.	NVE. NGI.
3. Snøskred	NEI	NEI					NVE.
4. Dambrot	JA	JA	1/1	3/3	3/3	Ev. dambrot ved Brulandsfossen vil ramme deler av området nærmast elva.	NVE.
5. Elveflaum/ tidevatnflaum/ stormflo	JA	JA	3/3	2/2	6/6	NVE har utarbeida flaumkart for Jølstra frå Førdefjorden og nesten opp til planområdet. Så langt oppe i elva har elva lita utbreiing, då elva har bratte sideareal.Elva ligg på kote 10 forbi masseuttaket, nedre del av masseuttaket ligg på kote 14-15. Eksisterande bygg kote 14.	NVE.
6. Overflatevatn/klimaendr. Nedbørutsett	JA	JA	3/3	2/2	6/6	Overflatevatn vert direkte tilført eksisterande elv/bekkar.	DSB. NVE. Førde kommune.
7. Skogbrann (større/farlig)	NEI	NEI				Det er lite skog innanfor planområdet og i tilgrensande område.	Førde kommune.
Vær, vindeksponering							
8. Vindutsette område(Ekstremvær, storm og orkan)	JA	JA	3/3	2/1	6/3	Sterk vind er tilstade, men vert vurdert til å ikkje utgjere ein stor risiko for området. Gode	Meteorologisk institutt.

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før planen	Kons av planen	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak	Kjelde
						dreneringssystem for overvatn. God kapasitet på grøfter og stikkrenner.	
Natur- og kulturområder	http://www.miljostatus.no/kart/						
9. Sårbar flora	NEI	NEI				Ingen registreringar. Området består stort sett av dyrka mark, kulturlandskap og sandtak.	Miljostatus.no
10. Forholdet til naturmangfaldlova	NEI	JA	/3	/2	/6	Det er først og fremst arealbeslag som medfører negative verknader for naturmangfaldet og det er få tiltak som kan verke avbøtande på dette.	Miljostatus.no Naturbase.
11. Sårbar fauna /fisk, verneområde og vassdragsområde	NEI	NEI					Miljostatus.no
12. Fornminne (Automatisk freda)	NEI	NEI					
13. Kulturminne/-miljø	JA	JA	3/3	1/2	3/6	Arkeologiske registreringar i form av maskinell flateavdekking vart utført hausten 2009. Det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne i to lokalitetar.	Sogn og Fjordane Fylkeskommune Askeladden. Riksantikvaren.
14. Grunnvass-stand	JA	JA	3/3	1/2	3/6	Endring av grunnvass-stand ved uttak av massar.	NGU. GRANADA. Førde kommune.
Menneskeskapte forhold							
Risikofylt industri mm.							
15. Kjemikalie/ petroleum/ eksplosiv (kjemikalieutslepp på land og sjø)	NEI	NEI				Ingen registreringar. Ikkje industri. Det er ikkje planlagt oppbevaring av farleg stoff innanfor planområdet.	Førde kommune DSB, FAST.

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før planen	Kons av planen	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak	Kjelde
16. Avfall (ulovleg plassering/ deponering/ spredning farlig avfall)	NEI	NEI				Ingen registreringar.	Førde kommune DSB, FAST.
Strategiske område							
17. Brot i transportnett, veg, bru, knutepunkt	NEI	NEI					Førde kommune.
18. Forsyning kraft/ elektrisitet (Samanbrot i kraftforsyning)	NEI	NEI					Sunfjord Energi. Førde kommune.
19. Svikt i fjernvarme	NEI	NEI				Ikkje aktuell.	
20. Vassforsyning (Svikt/ureining av drikkevassforsyning)	NEI	NEI				Ikkje konsekvensar for vasssystem.	Førde kommune.
21. Avlaup-systemet (Svikt eller brot)	NEI	NEI					Førde kommune.
22. Terror/sabotasje/ skadeverk. Vold/ran og gisselsituasjon (eller trugsmål om)	NEI	NEI				Ikkje aktuell.	
23. Tele/ Kommunikasjons samband (samanbrot)	NEI	NEI					Førde kommune.
24. Brann (med større konsekvensar)	NEI	NEI					Førde kommune.
25. Samanrasing av bygning/ konstruksjonar	NEI	NEI					Førde kommune.
Andre ureiningskjelder							
26. Bustadureining	NEI	NEI					Førde kommune.
27. Landbruksureining	NEI	NEI					Førde kommune.

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før planen	Kons av planen	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/Tiltak	Kjelde
28. Akutt ureining	NEI	NEI					Førde kommune.
29. Støv og støy; industri	NEI	NEI					Førde kommune.
30. Støv og støy; masseuttak	JA	JA	5/5	2/2	10/10	Støy og støv frå masseuttak.	Nordplan AS, Førde kommune og Sweco.
31. Støy; andre kjelder	NEI	NEI					Førde kommune.
32. Ureining i sjø/vassdrag	NEI	NEI					Førde kommune.
33. Ureining i grunn	NEI	NEI					Førde kommune.
34. Radongass	NEI	NEI					Førde kommune.
35. Høgspenline	JA	JA	3/3	2/2	6/6	Høgspenlinje.	Sunnfjord Energi.
Trafikktryggleik							
36. Ulykke med farlig gods	NEI	NEI				Ikkje farleg gods i nærleiken.	Førde kommune.
37. Ulykke ved inn,- og utkøyring.	NEI	NEI					Førde kommune.
38. Ulykke med gåande/syklende	NEI	NEI					Førde kommune.
39. Vær/føre avgrensar tilkomst til området	NEI	NEI					Førde kommune.

5.5 Grunnforhold

Området ligg under øvre marin grense, dvs. at det under elveavsetningane kan ligge marine avsetningar. Det vil i føresegnene vere krav om avklaring av grunnforhold ved ein ev. byggesøknad på området for kommunaltekniske anlegg.

5.6 Dambrot

Eit brot på dammen ved Brulandsfossen vil medføre erosjonsskade langs Jølstra i planområdet og erosjon- og overflaumingsskadar nedstrøms planområdet.

Norske dammar er blant dei sikraste i verda. Det har aldri vore større dambrot i Norge med fatale konsekvensar. Alle dameigarar er pålagt å utarbeida varslings- og beredskapsplanar.

Sannsynet for eit dambrot er svært liten, langt under grensa for sannsyn "Lite sannsynleg". Og skulle det skje, er sannsynet svært stor for at dameigar oppdagar at brotet er i utvikling lenge før brotet utviklar seg. På den måten vil evakueringstida etter all sannsyn bli dagar og ikkje 1-2 timar.

Hending er vurdert til å vere lite sannsynleg, med betydeleg/kritisk konsekvens.

5.7 Elveflaum

NVE har utarbeida flaumkart for Jølstra frå Førdefjorden og nesten opp til planområdet. Så langt oppe i elva har elva lita utbreiing, då elva har bratte sideareal. Elva ligg på kote 10 forbi masseuttaket, nedre del av masseuttaket ligg på kote 14-15. Eksisterande bygg kote 14.

Tiltak:

Byggegrense 20 meter frå elv. Jf. veileder til NVE.

5.8 Vind- og nedbørsutsett

Vestlandskysten er svært utsett for vêr og vind, og vêret fører årleg til store skader på materielle verdiar.

Det må takast høgde for aukande stormfrekvens i framtida når bygg og viktig infrastruktur skal utarbeidast.

Sterk vind er vert vurdert til å ikkje utgjere ein stor risiko.

Årleg nedbør vert forventast å auke med 20% fram mot 2100.

Vinternedbøren kan auke med heile 40% på Vestlandet. Hyppige periodar med ekstremnedbør og høgare nedbørsintensitet (meir enn 70 mm på under ein time) gjev større risiko for flaumar i mindre vassdrag og bekkar.

Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ei viss fare/ mindre alvorleg konsekvens.

Tiltak:

Avløpssystem og evt. naturlege dreneringssystem som vert oppretthaldne skal kunne takle ekstremnedbør på 140 mm i løpet av 24 timar.

Ved opparbeiding av området må overvatn takast hand om slik at området vert tilstrekkeleg drenert. God kapasitet på grøfter og stikkrenner, evt. bruk av regnbed og opne bekkeløp. Anlegg for overvatn skal dimensjonert for framtidig nedbørsauke på 30% i år 2100.

5.9 Forholdet til naturmangfaldlova

§ 1 i naturmangfaldlova skal leggjast til grunn ved skjønnsutøving av planforslaget.

§ 1. Lovens formål

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

I tråd med føremålet til naturmangfaldlova søkjer ein i planforslaget å legge til grunn ein berekraftig bruk og vern av naturen.

Skildring av naturmangfaldloven §§ 8-12

§8. (kunnskapsgrunnlaget)

Med henvisning til kapittel 4.6 i planomtalen legg ein til grunn at det ikkje er registrert særlege verdiar innanfor området, og at det ikkje er behov for ytterlegare kunnskapsgrunnlag for å ta stilling til verknadene av planforslaget.

Landskapsmessig mangfald, for kunnskap om mangfaldet i landskapstyper, er det innhenta kunnskap frå Skog og landskap.

I forhold til **geologisk mangfald** er det innhenta kunnskap frå NGU. NGU har vurdert lausmassar og berggrunn.

I forhold til tiltakets størrelse og omfang vurderas dette kunnskapsgrunnlaget som godt nok og vi meiner at § 8 er oppfylt.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Den sentrale ordlyden om at: «Eksisterer det ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukas som grunngeving for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak» vurderer vi ikkje er aktuell i denne saka då det er klart at kunnskapen er god nok vedrørende plan- og influensområdets naturmangfald, til å treffe eit forvaltningsvedtak.

I forhold til kunnskapsgrunnlaget føreligg det ikkje risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet og vi meiner at § 9 *Føre-var-prinsippet* er oppfylt.

§ 10. (økosystemtilnærming og samla belastning)

Nye tiltak i planen er i all hovudsak eksisterande areal som har vorte nytta til landbruksdrift. Dvs. ein omdisponere areal som i dag vert nytta som LNF-område, altså areal drifta med stor grad av monokulturar – artsmessig sett. Planforslaget inneberer endring av dette arealet til masseuttak.

Samla belastning på økosystemet må sjåast i et større perspektiv enn planområdet. Det er ikkje kjent andre utbyggingstiltak som allereie belastar eller vil komme til å belasta førekomstane som er vurdert.

Tiltaket er vurdert til å ikkje gje auka belastning på økosystemet i forhold til dagens situasjon (§ 10 *Økosystemtilnærming og samla belastning*).

§ 11 (Kostnadene ved miljøforringelse skal bærast av tiltakshavar).

Kostnadene ved å hindre eller redusere skade på naturmangfaldet skal bærast av tiltakshavar, med mindre dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skadens karakter.

I dette tilfellet er vert kravet rekna som lite relevant for dette planvedtaket.

§ 12 (Miljøforsvarlig teknikk og driftsmetodar).

Tiltakshavar vil nytta teknikk og driftsmetodar som er mest mogeleg skånsame når det gjeld natur og miljø.

Skadar på naturmangfaldet skal så langt råd unngåast eller avgrensast. Dette skal gjerast ved å ta utgangspunkt i driftsmetodar og teknikk og lokalisering som gjev dei beste samfunnsmessige resultatata ut frå ein samla vurdering av tidlegare, nåverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold.

Det er først og fremst arealbeslag som medfører negative verknader for det biologiske mangfaldet og det er få tiltak som kan verke avbøtande på dette. Etter kvart som uttaket ferdigstillast etappevis i samsvar med godkjent driftsplan, skal avdekningsmassar og jord tilbakeførast inn i uttaket for reetablering av landbruksareal / dyrka mark. Når drifta for kvar enkelt etappe er avslutta og området er istandsett, går planområdet over til landbruksformål.

Alternativ lokalisering av tiltaket er ikkje relevant i dette høve.

Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ei viss fare/ mindre alvorleg konsekvens.

5.10 Kulturminner

Arkeologiske registreringar i form av maskinell flateavdekking vart utført hausten 2009. Det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne i to lokalitetar. Det har vore fleire møte og synfaringar med Kulturavdelinga i planprosessen, men sidan ivaretaking av kulturminna ikkje let seg foreine med uttak har ein ikkje lukkast å finne fram til eit omforent planforslag. Riksantikvaren er koplå inn og Kulturavdelinga har varsla at dei vil vurdere motsegn til planforslaget slik det ligg føre no. Jf. pkt. 4.3.

Vilkår for bruk av område- arkeologiske utgravingar.

Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ei viss fare/ mindre alvorleg konsekvens.

5.11 Grunnvatn

Grunnvassdatabasen (Granada) til NGU viser eit «antatt betydelig grunnvannspotensial» knyta til dei store breelv- og elveavsetningar langs med Jølstra.

Ved ytterlegare uttak av lausmassar må det påreknast reduksjon i grunnvassførekomst i grustakets nærrområde. Den planlagde utvidinga av grustaket mot nord ventast å få liten innverknad på grunnvasstanden i tilgrensande område.

Ikkje krav om tiltak i føresegnene.

Hending er vurdert til å vere sannsynleg, med mindre alvorleg konsekvens.

5.12 Støy og støv

Støy og støv er eit velkjent problem for mange naboar av grus- og pukkverk. I kva grad den planlagde verksemda på Vie vil påverke naboar vil avhenge av fleire faktorar og sansynleg variere etter aktivitet, støvdempande tiltak og vêrforhold. Aktivitet som medfører flytting og oppvirvling av massar, samt knusing forventast å generere mest støy og støv. Vindforhold og nedbørsmengde, samt topografi og utslippsmengde er av betydning for spredning av støvet.

Uttaksvolumet frå sandtaket blir auka i høve til gjeldande regulering, og alt etter driftsmetode kan nordre del gi større støv/støyplage.

Det skal utarbeidast driftsplan som sikrar at uttak skjer etappevis på avgrensa areal, og at det ved ferdigstilling av kvar etappe vert etablert vegetasjonsdekke eller etterbruksfunksjon med tilsvarande støvbindande funksjon. Driftstid skal vere regulert for å unngå støyplager på kvelds/nattetid, samt på heilagdaggar.

Det utvida uttaket ligg godt skjerma for støy i retning bustadane nord og aust for uttaket.

Det vil vera fri sikt frå bustad i området Bruland i vest, til delar av uttaksområdet. Ved uttak av masse nordover i den nordlege delen av uttaksområdet må ein sikra at knusarar står godt skjerma bak uttakskant eller massevollar.

Det er i dag ikkje problem med tanke på støy for naboane.

Når vinden kjem frå sør og søraust vil den typisk dreie retning etter terrengformasjonen. På tørre dagar med vinddrag frå sør og stor aktivitet i brotet, vil støv fraktast mot bustad nord for uttaket. Bevaring av terrengformasjon i nord under anleggsperioden vil derimot kunne dempa mykje av støvet for naboar.

Mesteparten av støv generert frå masseuttak består av partiklar større enn 10 µm. Større partiklar vil opphalde seg kortare tid i lufta og deponere nærmare utsleppskjeda, og betegnast derfor som nedfallsstøv. Kor mykje det planlagte masseuttaket vil føre til overskriding av nedfallsstøv hos naboar vil avhenge av aktivitet, støydempande tiltak og vêrforhold.

Dei dominerande vindretningane i området er gunstig med tanke på støvflukt til nærmaste naboar. Masseuttaket vil ikkje vere direkte skjerma mot naboer i vest.

At det er mykje nedbør i området vil også vere gunstig med tanke på støvflukt. Nedbør vil forhindre oppvirvling av støvpartiklar og bremse støvflukta.

Kor mykje støv vegtransporten medfører er avhengig av ein rekke faktorar som om vegen er asfaltert eller ikkje, om det ligg mykje laus pukk/grus i vegbana og kor fuktig vegbana er.

Føresegnområde må seie noko om at knusar må stå godt skjerma.

5.13 Høgspenlinjer

Det går ei høgspenlinje gjennom området, aust-vest retning. Det er fare for stråling. Omsynssone med byggeforbod 36m. Dette ligg utanfor byggeområde.

Hending er vurdert til å vera sannsynleg/ fleire enkelt tilfelle, med ein mindre alvorleg konsekvens.

5.14 Risikomatrixe for planforslaget

Konsekvens	1 Ubetydeleg ufarleg	2 Mindre alvorleg/ ein viss fare	3 Betydeleg / kritisk	4 Alvorleg/ Farleg	5 Svært alvorleg/ Katastrofalt
5 Svært sannsynleg/ kontinuerleg	5	10	15	20	25
4 Mykje sannsynleg/ periodevis	4	8	12	16	20
3 Sannsynleg/ fleire enkelttilfelle	3	6	9	12	15
2 Mindre sannsynleg/ kjende tilfelle	2	4	6	8	10
1 Lite sannsynleg/ ingen tilfelle	1	2	3	4	5

5.15 Oppsummering konkrete tiltak

- Krav om avklaring av grunnforhold ved ein ev. byggesøknad på området for kommunaltekniske anlegg.
- Driftstider
- Tiltak på støv og støy
- Byggeforsbod under høgspenlinje
- Vilkår for bruk av område- arkeologiske utgravingar
- I uttaksområdet må ein sikra at knusarar står godt skjerma bak uttakskant eller massevollar.
- Byggegrense 20 meter frå elv. Jf. veileder til NVE.

6 Skildring av planforslaget

Målsetting: Formålet med planen er å utvide eksisterande sandtak på Vie og leggje tilhøva betre til rette for gode løysingar når det gjeld uttaksrekkefølge, landskapstilpassingar og etterbruk.

6.1 Planlagt arealbruk

Reguleringsføremål

Arealtabell

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (m ²)
Annen særskilt angitt bebyggelse og anlegg	2250,8
Masseuttak	138214,2
Sum areal denne kategori:	140465,1

§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (m ²)
Annen veggrunn - tekniske anlegg (5)	1202,3
Kjøreveg	2950,3
Sum areal denne kategori:	4152,5

§12-5. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift	Areal (m ²)
Landbruksformål (5)	29163,2
Sum areal denne kategori:	29163,2

§12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	Areal (m ²)
Naturområde i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	10235,6
Sum areal denne kategori:	10235,6

Totalt alle kategorier: 184016,4

Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsføremåla slik tabellen viser.

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål



Masseuttak BSM

BSM1 er område regulert til masseuttak. Ei utviding av dagens masseuttak skal skje i samsvar med driftsplan godkjend av direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen skal også gje retningslinjer for istandsetting og revegetering under drift og etter ferdigstilling.

Planen opnar for uttak av om lag 1,5 mill m³ masse. 950.000m³ i nord og 550.000m³ i sør jf. fig. s.31.

Forslag til utviding av masseuttaket mot nord inneber at området mot nord får ei flate på ca kote +60 i aust, med naturlege skråningar ned mot nord, vest og sør.

Masseuttaket i sør flyttar skråninga austover slik at ein får ei skråning på ca 1: 1,5, mellom ei øvre flate på ca kote +60 og ei nedre flate på ca kote +13.



Snitt A, aust-vest retning i nord. Snitt B, aust-vest retning i sør.



3D-modell. Dagens situasjon.



3D-modell. Dagens situasjon.



3D-modell. Ny situasjon.



3D-modell. Ny situasjon.

Kommunaltekniske anlegg BAS

Området o_BAS1 skal nyttast til anlegg og drift av komposteringsanlegg.

Bygningane og området rundt skal utformast harmonisk slik at dei fell godt inn i landskapet.

Området skal vere inngjerda med låsbar port.



3D-modell. Ny situasjon.

Landbruksføremål LL

LL1 er dyrka mark i nordaust. Område LL2 – LL4 kan nyttast til revegetering for å gje betre skjermingseffekt mot masseuttaket. LL5 er dyrka mark i vest mellom køyrevegen og Jølstra. Det skal ikkje gjerast inngrep i eksisterande terreng innanfor dette formålet, men skjøtsel og tiltak i samband til gardsdrift tillatast.

Køyreveg SKV

Køyreveg omfattar vegar og avkøyrslar.

Privat veg SKV1 er eksisterande tilkomstveg for området. Denne vert liggjande slik den er i dag.

Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

Jølstra som renn gjennom planområdet i vest med kantvegetasjon er foreslått regulert til naturområde i sjø og vassdrag. Det er lagt vekt på å spare kantvegetasjon langs med Jølstra. Arealet skal nyttast som eit naturområde for ålmenta.

Byggehøgde

Byggehøgder er fastsett i føresegnene.

Grad av utnytting

%-BRA

Tomteutnyttinga vert utrekna etter «Rettleiar for grad av utnytting». Den er vist med prosent bebygd areal, %-BYA, og er vist på plankartet.

6.3 Universell utforming i planforslaget

Det er ikkje stilt krav til universell utforming av masseuttaket, då det ikkje skal vere behov for det ved drift av uttaket.

Byggeområde skal utformast med tilfredsstillande tilkomst.

6.4 Omsynssoner

Sikringssone – frisiktsone- H140

I området mellom frisiktlinje og køyreveg (frisiktsona) skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

Faresone – Høgspenningsanlegg- H370

Horisontal avstand til viktige bygningar må vere meir enn 18,0 meter målt frå senter av høgspenteleidningen

Sone med særlege omsyn til landbruk- H510

Innanfor omsynssoner kjerneområde landbruk, er det ikkje tillate med tiltak eller fysiske inngrep som kan medføre øydelegging eller nedbygging, eller som på annan måte kan redusere bruksverdien av områda vesentleg i høve aktiviteten det er lagt til rette for.

Sone med særlege omsyn – bevaring kulturmiljø- H570

Ved planlegging, utbygging og gjennomføring av tiltak skal nye bygningar og anlegg, samt endringar av eksisterande, formast i samspel med omgjevnaden sin karakter, naturgjevne forhold på staden, og kulturlandskapet.

Bandlegging- bandlegging etter lov om kulturminner- H730

I omsynssone H730 er følgjande kulturminne freda etter Kulturminnelova § 4 (automatisk freda):

Omsynssone – H730_1: - ID 132169-1 Vie, kokegroplokalitet


6.5 Føresegnområde

Innanfor masseuttaket er det gjennomført arkeologiske undersøkingar som har avdekt funn av fornminne. Det skal fremjast søknad om dispensasjon frå kulturminnelova for utgraving av kulturminna og frigjeving av områda. Fylkeskulturavdelinga skal uttale seg til saka før den blir sendt Riksantikvaren for avgjerd.

Dei automatisk freda kulturminna er merka rpBO område med ID132177-1 og ID151808.

6.6 Informasjon om mineralførekomsten

Førekomsten består primært av byggeråstoff i form av lausmasser som sand og grus.



Utklippet er henta frå Fylkesatlas.no – lausmassekart. Lys gul – bresjø /innsjøavsetning, mørk gul – breelvavsetning.

Geologi


Berggrunn:

I planområdet er i følge berggrunnskart frå NGI (fylkesatlas) diorittisk til granittisk gneis, migmatitt.

Lausmasse:

Planområdet er ein elvebanke med lausmasse. Denne består av skråstilte sand- og sand/gruslag, der sand er den dominerande kornfraksjonen.

Førekomsten «Holsen» av sand og grus er vurdert til å vere meget viktig i Grus og pukk-karta til Norges geologiske undersøking, sjå figuren under. Massetaket er i aktiv drift.



Førekomsten ligg innanfor raudt område, til høgre, ID nr: 1432-012, og er registrert som meget viktig. <http://geo.ngu.no/kart/minkommune/>

Konflikter			
Type(r)	: Jordbruk : Bebyggelse : Miljølempet : Vei : Mulig verneverdig		
Beskrivelse			
Lateralt avsett brefrontavsetning. Bygd ut over ei utstikkande fjellhulle nord for Kletten. Avsetninga er bygd opp som eit delta med eit grovt topplag, grusige og sandige skrålag og finkorna botnlag. Topplaget er steinig grus og grusig stein. Skrålaga fell generelt 20-30 grader mot nordvest, er opp til 30-40 cm tjukke og varierer mellom grov sand og grov grus. Enkelte steinrike lag ligg sentralt i avsetninga. Skrålaga blir gradvis meir finkorna mot djupet. Ca. 20 m o.h. går dei over i slakare finkorna botnlag, mest silt. Botnaga går høgast i vest og sørvest. Området er regulert til masseuttak i Førde kommunes arealplan (2005-20017).			
Avsetning			
Type(r)	: Breeilvavsetning	Form(er)	: Terrasse
Størrelse			
Mektighet	: 15.00 m.	Areal	: 548142 m ² .
		Volum	: 6988808 m ³ .
Arealbruk			
Bebyggd	: 5%	Kornfraksjoner	
Annet	: 5%	Blokk	: 1%
Skog	: 5%	Stein	: 4%
Utdrevet massetak	: 15%	Grus	: 30%
Dyrka mark	: 70%	Sand	: 65%


Beskrivelse
 Godt sortert og lagdelt materiale. Sand og grus dominerer, men også noko stein og blokk. Konflikt ved at fleire eig grunnen ved massetaket. Grunnvasspeilet er ikkje registrert med seismikk, men ligg truleg lågt over fjellgrunnen sentralt på avsetninga. Dette tyder på grove massar ned til fjellet. Drift vil truleg senke grunnvasspeilet. Overgangen mellom dei grove skrålaga og dei finkorna botnaga ca. 20 m o.h. vil generelt vere nedre driftsgrense for avsetninga. Massetaket er drevet til fjell i sørøst. 200/: Det er teke ut masse til fjell og i fjell flerie stadar i massetaket, men driver opplyser at fjellet er "for hardt". Massane blir transporterte til Bruland for vidare foredling. Betongstasjonen er nedlagt, massetak 1 og 2 er drive saman. Det blir no teke ut masse i sen sørligste delen, området rundt den gamle betongstasjonen er nedlagt.

To utklipp frå Grusdatabasen, datert 27.09.2016, over.

6.7 Etterbruk av masseuttaket

Ein ser føre seg at etterbruken av nordre del av området vil vere bustader. Dette er ikkje del av denne reguleringa, men vil kome som eigen reguleringsplan seinare, når drifta av sandtaket er avslutta.

Nordre del av området er difor gitt ei terrengforming som vist på figur og snitt i kap. 6.2.



Terrenget er forma slik at ein i aust beheld eng i ei breidde på ca 125 meter. Det blir så eit sprang ned, og deretter slak skråning mot vest.

Den søndre delen av planområdet er tenkt nytta til jordbruksareal etter at masseuttaket er avslutta.

Ein har valt å halde på dei karakteristiske flatene: eit øvre nivå på kote 60 og eit nedre nivå på kote 15 med ei bratt skråning mellom nivåa. Dagens reinekant er parallellforskyvd mot aust og gitt ei avrunda og mjuk linjeføring. Den

planlagde etterbruken har vore styrande for utforming av ferdig terreng.

6.8 Driftsplan

Direktoratet for mineralforvaltning skal godkjenne ein driftsplan før driftskonsesjon vert gjeve. Driftsplanen skal i første rekke regulera omsynet til sikker drift og god ressursutnyttelse. Driftsplanen skal innehalde omtale av førekomsten, krav til omtale av terrenget etter at drifta er avslutta, beskrive korleis omsynet til natur og omgjevnad på staden skal ivaretakast og korleis sikrings- og oppryddingsplikta skal ivaretakast. Krav til sikring, fjerning av installasjonar mm, samt økonomisk sikkerheit for opprydding og sikring kan fastsettast i driftsplanen.

6.9 Tidsplan

Deler av tiltaket pågår i dag etter gjeldande plan, og vidare utviding skal igangsettast snarast mogleg etter at alle tillatelsar er gjeve. Tiltaket har ein estimert driftsplan på 30 år avhengig av etterspørsel.


6.10 Uttak av massar

Det skal utarbeidast ein driftsplan som beskriv etappevis uttak av massar i området. Vi ser for oss at masseuttaket vert delt i tre etappar. Etappe 1 er området i sør, etappe 2 i nordaust og etappe 3 mot nordvest (sjå figur under).

Den sørlege delen, etappe 1 må slutførast og istandsettast før nordleg del kan takast i bruk. Dette for å ha minnst mogleg opne sår i landskapet. Ved uttak av området i nord (etappe2) skal ein starte frå sør og la det stå att ein del av eksisterande terreng mot vest (etappe 3). Dette for å hindre innsyn til masseuttaket frå vest. Etter at etappe 2 er ferdig utteke, tar ein ut massane mot vest i etappe 3.

Istandsetting av landskapet bør vere ein naturleg del av drifta i masseuttaket, både under drift og etter avslutta drift. Avdekningsmassar og jord skal tilbakeførast inn i uttaket for reetablering av landbruksareal.

Planer for terrengforming og tilplanting bør inngå som ein del av driftsplanen. Istandsetting av randsoner bør skje undervegs når det ikkje er til hinder for vidare drift.



6.11 Førekostvurdering av sand og grus

I Norges geologiske undersøkelse (NGU) sin rapport frå 2009 (Ressursregnskap og førekostvurderingar av sand, grus og pukk i Sogn og Fjordane fylke 2007) er det opplyst at Sogn og Fjordane er sjølvforsynt med sand, grus og pukk til alle føremål.

Som det står i rapporten vil Førde kommune fortsatt vere ein stor produsent av både sand og grus og av pukk. Den dekkjer eige behov, og forsyner delvis andre kommunar i tillegg.

Masseuttaket på Vie og fleire av dei andre viktige førekostane er allereie regulert til masseuttak i kommunes arealplan. Dei vil vere svært viktige for lokal marknad og for omkringliggande marknad i nabo kommunar.

Masseuttaket på Vie er i drift i dag, og området ber preg av inngrep over lenger tid. Ved ferdig uttak vil området framstå som eit fint opparbeida området som kan nyttast til anna bruk.

Det er stor trong for massar i Førde og omegn. Masseuttaket på Vie ligg gunstig til i høve til dei områda det forsyner når det gjeld transportøkonomi og luftureining som følgje av transporten.

Kvaliteten på grusmassane på Vie er god. Og vi går ut i frå at grus- og sandførekoststen for området i nord er den same som i sør der det pågår uttak i dag.

7 Konsekvensutgreiing

Det skal skje ei forenkla konsekvensvurdering av området. Vurderingane skal i hovudsak basere seg på registreringar av fagkunnige, fagleg skjøn, synfaringar og andre kjende opplysningar.

Skjema frå planprogram:

Tema	Føremål	Behov for ny granskning	Aktør
1 Kulturmiljø/kulturminne	Masseuttak	Arkeologiske registreringar	Kulturavd.
2 Landskap og landskapsbilete	Masseuttak	Analyse av dagens situasjon Visuell analyse av ulike stadier av framtidig situasjon Eksponeering (nær-/fiernverknad)	LARK
3 Støv og støy	Masseuttak	Støy i samband med drift Vurdering av tilhøve til næraste naboar	LARK Ev. ekstern konsulent
4 Hellingsgrad for skråningar	Masseuttak	Vurdering av hellingsgrad m.o.t. stabilitet og evt fare for utgliding/ras Vurdering m.o.t. etterbruk	Fagkunnig.
5 Kvartærgeologi	Masseuttak	Vurdering m.o.t. verneverdige forekomstar i Sogn og Fjordane	LARK. Ev. fagkunnig
6 Verknader for Jølstra med kantvegetasjon	Masseuttak	Verknader for kantvegetasjon, beredskap/samfunnstryggleik	LARK. Ev. fagkunnig
7 Risiko og sårbarheit	Masseuttak	Vurdere om arealet er egna til det tiltenkte formålet, og evt. endringar i slike forhold som følgje av det planlagde tiltaket.	LARK

7.1 Kulturminne og -miljø

Eksisterende situasjon

Arkeologiske registreringar for søndre del vart utført i oktober 2007. Mindre funn vart gjort, desse er dokumentert av Kulturavdelinga og denne delen av noverande planområdet er frigitt med omsyn til kulturminne.

For nordre del gjennomførte Kulturavdelinga arkeologiske registreringar hausten 2009 og 2012. Det vart avdekka tre lokalitetar, jf figur i pkt. 4.3.

Kulturavdelinga tilrår at lokalitetane *"regulerast til omsynssone med særskilte omsyn til bevaring av landskap og kulturmiljø jf plan- og bygningsloven § 12-6 og 12-7"* jf brev datert 10.03.2010. Vidare at *"Dersom tiltakshavar ynskjer å regulere området der dei registrerte kulturminna er påvist, til føremål masseuttak, vil kulturavdelinga ut frå ei fagleg vurdering der vi ikkje kan tilrå ein dispensasjon frå Lov om kulturminne, måtte vurdere å fremje motsegn mot planen"*.

Det er gjennomført tilleggsregistreringar av kulturminne, og det har vore fleire drøftingar mellom tiltakshavarar og kulturavdelinga. Kulturavdelinga held fast på si tilråding om å ta vare på kultur- og landskapsverdiene med å regulere omsynssoner.

Verknader av planen

Planforslaget er utarbeida slik at automatisk freda kulturminne i lokalitet 2 og 3 blir fjerna.

Avbøtande tiltak

Ein let den austre delen av sletta bli bevart slik at lokalitet 1 og tidlegare funn aust for Vievegen dannar ein heilskap. Terrengforminga gjer at den visuelle effekten av slettelandskapet sett frå Vievegen i stor grad vert bevart. Eventuelle framtidige bustader vil ligge så lågt i terrenget at dei ikkje blir synlege frå Vievegen og flata. Omsynssone er vist på plankartet med tilhøyrande føresegner.

7.2 Landskap

Eksisterende situasjon

Landskapet på Vie er prega av store flate terrasser i ulike nivå og bratte reinekantar mellom desse. Det meste av planområdet var opphavleg del av ei stor flate på rund kote +60 som er rekna som marin grense. Vest for

planområdet renn elva Jølstra. Ho går i stor grad gjennom eit terreng som ligg på om lag kote +12 forbi planområdet.

Søndre del av planområdet har hatt masseuttak i mange år slik at reinekanten er flytta og ein stor del av arealet ligg i dag på rundt kote +13-14. Dei bratte lausmasseskråningane med helling rundt 1: 1,5 er dels naturlege og dels eit resultat av masseuttaket. Området er godt synleg frå Bruland og E39 på andre sida av elva. Lausmasseskråningane framstår som opne sår i landskapet og skil seg klart ut frå dei grønne områda rundt.

Nordre del av planområdet ligg i stor grad på kote +60, medan vestre del skrånar mot elva. Arealet er kulturlandskap, dels fulldyrka og dels beiteområde.

Eit skogkledd gjel markerer grensene mellom nordre og søndre del av planområdet. Tilsvarande dannar eit skogkledd gjel avgrensing av planområdet i sør. Dei opphavlege skråningane er i stor grad skogkledd.

Verknader av planen

Masseuttak i tråd med planen vil medføre store endringar av landskap og landskapsbilete, både ved nivåsenking og det visuelle uttrykket elles.

I driftsfasen for masseuttaket vil lausmasseskråningane vere godt synlege i landskapet både på nært hald og på lenger avstand.



3D-modell. Ny situasjon.

Etterbruken har vore styrande for terrengforminga i planen og er tenkt ulikt for dei to delane av planområdet. I søndre del kan vere aktuelt å nytte det flate partiet til landbruksformål, og såing/tilplanting av skråningane. I nordre del tenkjer ein seg areala nytta til bustader, der terrenget stig mot aust.

Avbøtande tiltak

I søndre del legg planforslaget opp til etablering og tilplanting av voll langs Jølstra. Tiltaket skal føregå parallelt med vidare masseuttak. Dette vil vere viktig både for fjernverknaden og for opplevinga av området på nært hald, mellom anna frå vegen langs elva. Arealet innanfor vollen skal istandsettast til jordbruksareal etter kvart som masseuttaket flyttar seg austover. Matjord frå øvre nivå vert lagra for ombruk på nedre nivå. Skråninga mellom nedre og øvre nivå skal plantast til med stadeigen vegetasjon.

I nordre del legg ein opp til å ivareta austre del av slettelandskapet og senka nivå på det tenkte bustadområdet, slik at den visuelle effekten av sletta sett frå Vievegen i stor grad er oppretthalden.

I driftsfasen kan det vere aktuelt å halde igjen ein kant i vest. Dette vil bli konkretisert i driftsplanen.

3d-studie som syner utforming av grustaket, gir eit inntrykk av verknadane. Grustaket på Vie er godt eksponert i lisida og synleg sett frå E39 i vest og sør ved Bruland.

Etterbehandling av terreng og stegvis revegetering etter kvart som drifta blir avvikla vil vere viktig for landskapsoppleving i dette området. Ein driftsplan vil styre dette.

Likeins plante til den søndre delen av planområdet når uttak er avslutta slik at det opne såret ikkje blir større enn naudsynt.

Eksposering:

Grustaket på Vie er godt eksponert i lisida og synleg sett frå området Bruland til Brulandsvollene. Etterbehandling av terreng og stegvis revegetering etter kvart som drifta blir avvikla vil vere viktig for landskapsoppleving i dette området.

7.3 Støv og støy

Eksisterande situasjon

Det er lite støy i området i dag då det er spreidd busetnad og ingen kjende støykjelder utanom trafikken i samband med eksisterande sandtak. Det er heller ikkje kjent at der er negative verknader av støv frå masseuttaket i den spreidd busetnaden som er i dag.

Verknader av planen

Uttaksvolumet frå sandtaket blir auka i høve til gjeldande regulering, og alt etter driftsmetode kan nordre del gi større støv/støyplage.

Avbøtande tiltak

Det skal utarbeidast driftsplan som sikrar at uttak skjer etappevis på avgrensa areal, og at det ved ferdigstilling av kvar etappe vert etablert vegetasjonsdekke eller etterbruksfunksjon med tilsvarande støvbindande funksjon. Driftstid skal vere regulert for å unngå støyp lager på kvelds/nattetid, samt på heilagdagane.

7.4 Hellingsgrad og skråningar

Eksisterande situasjon

Nordre del:

Det meste av arealet er ei flate på ca kote +60 med naturlege skråningar ned mot nord, vest og sør.

Søndre del:

Masseuttaket har flytta skråninga austover slik at ein i dag har ei skråning på ca 1: 1,5, mellom ei øvre flate på ca kote +60 og ei nedre flate på ca kote + 15.

Verknader av planen

Nordre del:

Mot vest vert eksisterande reinekant og platå (i underkant av kote +25) bevart. For resten av arealet vert det jamn skråning frå aust mot vest, med fall ca. 1: 10. I tillegg vert det fall ca. 1:2 lengst mot aust, opp til eksisterande terreng. Med fall i båe retningar vert det sterkt redusert

høgdeskilnad mellom nordre og søndre del av planområdet (noverande sandtak).

Terrengformasjon etter uttak er definert ut frå ev. etterbruk. Tiltakshavar vil kome med slikt utspel til kommunedelplan, med tanke på seinare detaljregulering. Jamt, slakt fall mot vest og sør gjer at området etter uttak også vil vere føremålstenleg til jordbruksføremål, eller andre utbyggingsføremål, og er såleis ikkje bindande med tanke på etterbruk.

Søndre del:

Ein vil ta ut resterande masser i søraustre del slik at flata på nedre nivå blir noko større enn i dag.

Sletta på øvre nivå blir redusert.

Nedre nivå vil bli eigna for jordbruksføremål.

Denne delen vil få ein tilplanta jordvoll med høgde ca 2 meter over veg i vest. Innanfor jordvoll vert det ei flate på kote 15.

Skråninga opp mot eksisterande terreng på kote 60 vert med fall 1 :1,5, og tilplanta med gras og stadeigen vegetasjon.

Avbøtande tiltak

Geoteknisk stabilitet:

Multiconsult har i notat datert 14. november 2012 (notat vedlagt) gitt følgjande uttale om skråningsvinkel:

«Konklusjonen vert at ved å sikre vegetasjon på skråning i tillegg til at ein får leia bort overflatevatnet frå skjeringstopp, kan skjeringa ha ei helling 1: 1,5.».

Planen har teke utgangspunkt i at desse føringane er oppfylt og ein har lagt skråningar ferdig terreng på maks 1 :1,5.

Skråninga vil bli revegetert med stadeigen vegetasjon straks dei er permanent etablerte.

7.5 Kwartærgeologi

Eksisterande situasjon

Området mellom Soleide og Løland er peika ut som særst typiske for området (kwartærgeologisk rapport for S&F) og jf. pkt. 6.6.

Ein vil med detaljreguleringsplanen legge til rette for uttak av deler av denne grusavsetninga.

Avbøtande tiltak

Det er få avbøtande tiltak for massane som vert teke ut.

7.6 Verknader for Jølstra

Eksisterande situasjon

Jølstra representerer eit viktig nærfriluftslivsområde der spesielt sportsfiskeinteressene står sentralt. Å halde oppe leveområda for fisken, samt tilgjenge til dei beste fiskeplassane er av betydning.

Det er viktig å behalde ei buffersone av naturleg vegetasjon ned mot elva, både som skjerm for dei som ferdast på elva og som le for dyrelivet i elvesona. Det er regulert friområde og naturområde langs elva. Kantvegetasjon langs elva gir skugge og skjerm for fisken. Vegetasjonen langs vassdraget er også viktig som næringsgrunnlag. Her fins insekt som lever i blad og org. materiale i og ved vatnet.

Fylkesmannen: Lakse- og sjøaufiske i Jølstra har regional og nasjonal interesse. For å ta vare på dette er det viktig med breie grøntdrag langs elva og at det vert teke vare på mest mogeleg naturleg elvekant.

Verknader av planen

Forslag til plan har ei buffersone mot Jølstra og tilhøyrande strandsone.

Avbøtande tiltak

Buffer med kantvegetasjon.

7.7 Risiko og sårbarheit

Eksisterande situasjon

Det er ingen kjende forhold som tilseier spesielle omsyn med tanke på risiko- og sårbarheit for området i dag.

Konsekvenser: Det er utarbeidet en utfyllende Risiko- og sårbarhetsanalyse. Jf. kap.5.

ROS-analysen viser at det er identifisert 10 hendingar/situasjonar. Desse er:

Grunnforhold, dambrot, elveflaum, ekstremvær, forholdet til Naturmangfaldlova, kulturminne/-miljø, grunnvasstand, støv og støy; trafikk og høgspente.

Avbøtende tiltak:

Risikomatriza er basert på forhold kor ein ikkje har gjennomført tiltak som avgrensar eller reduserer risikoen. Det er ein rekke forhold som regulerer bruk og drift av masseuttaket. Blant anna plan- og bygningslova, minerallova og forureiningslova samt reguleringsplanen gir føringar som reduserer risikoen for at uønska hendingar skal inntreffe.

7.8 Samanstilling av konsekvensar og avbøtande tiltak

Nr	Tema	Konsekvensar	Avbøtande tiltak
1	Kulturminne/ kulturmiljø	Automatisk freda kulturminne i to lokalitetar blir fjerna, lokalitet 2 og 3. Ingen kulturminne av nyare tid.	Ein vil ta vare på lokalitet 1 og ei slette på ca 125 m frå vegen. Saman med funna aust for Vievegen vil desse kulturminna danne ein heilskap. Terrengforming søker å ivareta visuell effekt av slettelandskapet. Omsynssone er vist på plankartet, H730_1.
2	Landskap og landskapsbilete	Masseuttak som dette er eit terrengmessig stort inngrep. Utbygginga gjer at kulturlandskapet vert endra og bustader og gardstuna misser si opne plassering i landskapet.	Ein vurderer det slik at den planlagde utbygginga ikkje får vesentlege verknader på landskap og landskapsbilete utover det ein må forvente ved eit masseuttak som her. Området tilbakeførast til anna ønskeleg bruk og vil då igjen bli ein naturleg del av landskapet – men med ein forandra topografi.
3	Støv og støy	Uttaksvolumet frå sandtaket blir auka i høve til gjeldande regulering, noko som alt etter driftsmetode kan medføre større støv og støyplage enn i dagens situasjon.	Driftsplan skal sikre etappevis uttak på avgrensa areal, samt ferdigstilling av delområde med vegetasjonsdekke eller etterbruksfunksjon med støvbindande funksjon.
4	Hellingsgrad og skråningar	Nordre del får skråningar med fall ca 1 :10 mot vest/sørvest, med ei brattare skråning i aust mot flata på gbnr 43/3. Søndre del vil få ei flate på nedre nivå, ei på øvre nivå, og ca 40 meter høg skråning med stigningsforhold 1:1,5 mellom desse .	For å oppnå geoteknisk stabile skråningar vil ein etablere ferdig terreng med helling maks 1 :1,5 og revegetere skråningane fortløpande. Ferdig terreng er vist på reguleringsplanen.
5	Kvartærgeologi	Uttak av deler av denne grusavsetninga.	Etterbehandling av terreng og stegvis revegetering etter kvart som drifta blir avvikla vil vere viktig for tilbakeføring i dette området.
6	Verknader for Jølstra med kantvegetasjon	Bevarer dagens situasjon langsmed elva.	Behalde ei buffersone av naturleg vegetasjon ned mot elva, både som skjerm for dei som ferdast på elva og som le for dyrelivet i elvesona.
7	Risiko og sårbarheit	Hendingar som er aktuelle i no- situasjon og som er konsekvensar av å gjennomføre planen: Grunnforhold, dambrot, elveflaum, ekstremvær, forholdet til Naturmangfaldlova, kulturminne/-miljø, grunnvasstand, støv og støy; trafikk og høgspenline.	Det er ein rekke forhold som regulerer bruk og drift av masseuttaket. Blant anna plan- og bygningslova, minerallova og forureiningslova samt reguleringsplanen gir føringar som reduserer risikoen for at uønska hendingar skal inntreffe.

8 Verknader av planforslaget

8.1 ROS-analyse

Konsekvensar som er identifiserte gjennom ROS-analysen for tiltaket er oppsummerte i kap. 5.

8.2 Overordna og overlappende planar

I forslag til detaljreguleringsplan for Vie er deler av området regulert til masseuttak der formålet i kommuneplanen for Førde er regulert til LNF-formål. Dette gjeld masseuttaket lengst i nord. Resten av planen er ikkje i konflikt med overordna planar og mål, då området er avsett til masseuttak i godkjend arealplan.

I vedtaket til kommuneplanen står det «Etter rådmannen si vurdering vil det pågåande reguleringsplanarbeidet for masseuttaket på Vie framleis kunne halde fram, og at omsyn til kulturverdiane må avklarast i reguleringsplanen.

Den sentrale delen av planområdet er frå før regulert til sandtak, i plan av 1993.

8.3 Staden sin karakter

Planområdet ligg vestvendt til. I heile området ligg eit tjukt dekke med morenematerialar og lausmassar. Det som skal regulerast til landbruk vert liggande urørt.

Det er i dag etablert eit større masseuttak innanfor planområdet. Masseuttaket har vert i drift i lengre tid og i samsvar til gjeldande reguleringsplan er det framleis potensiale for å hente ut meir masse.

Frå enkelte standpunkt er eksisterande masseuttak og utviding av masseuttaket vere godt synleg i terrenget. Dette gjeld spesielt frå vestsida av uttaket.

Planforslaget inneber verknader for landskapet då deler av planlagt masseuttak ligg i dag som eit urørt område.

Istandsetting av landskapet bør vere ein naturleg del av drifta i masseuttaket, både under drift og etter avslutta drift. Planar for terrengforming og tilplantning bør inngå som ein del av driftsplanen.

Istandsetting av randsoner bør skje undervegs når det ikkje er til hinder for vidare drift.

8.4 Friluftareal, rekreasjonsverdi og rekreasjonsbruk

Ingen negativ verknad.

8.5 Naturverdiar, viltinteresser, økologiske funksjonar osv.

Ingen negativ verknad.

8.6 Jordressursar/landbruk/skogbruk

Negativ verknad for landbruket dersom etterbruken ikkje vert landbruk.

8.7 Teknisk og sosial infrastruktur

Trafikkforhold

Planframlegget legg til rette for trafikkkløysingar til masseuttaket.

Køyretilkomst, vegsystem/vegforhold

Tilknytning til overordna vegnett, Vievegen, med ei avkøyring til masseuttaket frå vegen inn til Viegjerde.

Utforming av vegar

Utforming av kryss etter handbok N100.

Tilgjenge for gåande og syklende

Vievegen vert ikkje endra av planforslaget.

Vatn, avløp og overvatn

Utbygging av planområdet krev ikkje utbygging/utbetring av kommunaltekniske anlegg innanfor/utanfor planområdet.

Sosial infrastruktur

Ingen konsekvens.

Renovasjon

Ingen konsekvens.

Høgspenlinjer, ledningar i grunnen og trafostasjonar

Høgspenlinje gjennom planområdet, men denne ligg utanfor byggeområdet.

Energiforsyning, alternativ energi, fjernvarme m.m.

Ingen konsekvens.

Sosial infrastruktur

Ingen konsekvens.

8.8 Barn og unge sine interesser

Ingen konsekvens.

8.9 Interessemotsetnader

Gjennom innspel til planoppstart kjem det ikkje fram at naboar til planområdet eller andre er i mot drift av masseuttaket på Vie. Det er berre Kulturavdelinga som er i mot at ein fjernar kulturminna som ligg innanfor området regulert til masseuttak i nord.

8.10 Avveging av verknader

Ein kan på bakgrunn av vurderingar over ikkje sjå at planforslaget har vesentlege negative konsekvensar, men heller vere med på å utvikle området, som kjem kommunen sine innbyggjarar til gode.

9 Avsluttande kommentar

Planarbeidet vart starta etter oppstartsmøte i Førde kommune i 2009, med det føremål å utarbeide ein detaljreguleringsplan for området på Vie. Formålet med planen er å få utvide eksisterande masseuttak og leggje tilhøva betre til rette for gode løysingar når det gjeld uttaksrekkefølge, landskapstilpassingar og etterbruk.

Sand- og grusressursane på Vie er vurdert som svært viktig, og tiltaket vil vere ein naturleg utviding av uttaksområdet og forlenging av uttaksperioden. Under dei vilkår som er sette for drifta, vert dei samla konsekvensane for miljø og samfunn vurdert som akseptable.

For Førde kommune er det viktig å ha areal for framtidig næringsutvikling og sysselsetting.

I forhold til nytten ved å ta ut denne ressursen, vurderer ein ulempene med tiltaket til å vere akseptable. Det er grunn til å tru at dei føringane som reguleringsplanen gjev, vil medføre drift med få ulemper.

10 Metodikk i ROS-arbeidet

10.1 Metode

Målsettinga med heilskapleg ROS er å sikre forsvarleg bruk og vern av areal og bygningar i kommunen. Det er ei nasjonal målsetting at tryggleiks- og beredskapsomsyn skal inn som ein viktig del av samfunnsplanlegginga. ROS-analysen tek utgangspunkt i metode og faseinndeling som vist i figuren til høgre. Tiltak og oppfølging i plan er vidare tema i planomtalen og blir ført inn i plankart og føresegner.

Analysen bygger på følgjande styrande dokument og grunnlagsdokumentasjon, lov/forskrift, offentlege databasar osv:

Rettleiar frå dsb:

http://www.dsb.no/Global/Publikasjoner/2008/Tema/temasamfunnsikk_erhetareal.pdf

Norsk Standard NS 5814:2008

Rausand, M., Utne, I. B. (2009) *En veiledning til NS 5814*. Standard Norge.

10.2 Vurderingskriterium og akseptert risiko

Risikomatrissa gir ein kvantifiserbar og visuell framstilling av risiko- og sårbarheitsanalysen.

Vurdering av sannsyn for uønska hendingar generelt er delt i:

Sannsyn:		
5	Svært sannsynleg/kontinuerleg	Skjer kvar veke/forhold som kontinuerleg er tilstades
4	Mykje sannsynleg/periodevis, lengre varigheit	Skjer månadleg/forhold som opptre i lengre periodar, fleire månader
3	Sannsynleg/fleire einskildtilfelle	Skjer årleg/kjenner tilfelle med kort varigheit
2	Mindre sannsynleg/kjenner tilfelle	Kjenner eit tilfelle i løpet av 10 år
1	Lite sannsynleg/ingen tilfelle	Kjenner ingen tilfelle men kan ha høyrte om tilsvarande i andre område

Sannsynet for uønska hendingar knytt til naturfare er delt i:

Sannsyn for ras og skred		
5	Svært sannsynleg	Ei hending pr. år eller oftare
4	Mykje sannsynleg	Ei hending pr. 1-100 år
3	Sannsynleg	Ei hending pr. 100-1000 år
2	Mindre sannsynleg	Ei hending pr. 1000-5000 år
1	Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending pr. 5000 år

Kriteria for å vurdere konsekvensar for uønska hendingar er delt i:

Konsekvens	Karakteristikk	Konsekvens liv, helse og miljø
5	Svært alvorleg/katastrofalt	Særleg stor Personskade som medfører død eller varige men; mange skadd; langvarige miljøskader
4	Alvorleg/farleg	3 stor Behandlingskrevjande person- eller miljøskadar og kritiske situasjonar
3	Betydeleg/kritisk	3 stor Kan føre til alvorlege personskadar/belastande forhold for ei gruppe personar, alvorleg miljøskade
2	Mindre alvorleg/ein viss fare	2 Middels Få/små person eller miljøskadar/belastande forhold for einskildpersonar
1	Ubetydeleg	1 liten Ingen person eller miljøskadar/einskilde tilfelle av misnøye

Konsekvens økonomi		
5	Særs alvorleg/katastrofalt	Over 100 mill.
4	Alvorleg/farleg	10-100 mill
3	Betydeleg/kritisk	1 mill. – 10 mill.
2	Mindre alvorleg/ein viss fare	100.000 – 1 mill.
1	Ubetydeleg	0-100.000

- Hendingar i grøne felt: Enkle tiltak gjennomførast der det gjev effekt

Tiltak som reduserer sannsyn skal fyrst vurderast. Om dette ikkje gir effekt eller er mogeleg, skal tiltak som avgrensar konsekvensane vurderast.

Vurdering av konsekvensar av ikkje-ønska hendingar i høve skadetilfelle.
 Risiko = Sannsyn x Konsekvens.

10.3 Risikomatrixe

Tabell 1 Matrixe for risikovurdering

Konsekvens	1 Ubetydeleg ufarleg	2 Mindre alvorleg/ein viss fare	3 Betydeleg / kritisk	4 Alvorleg/Farleg	5 Svært alvorleg/Katastrofalt
Sannsyn					
5 Svært sannsynleg/kontinuerleg	5	10	15	20	25
4 Mykje sannsynleg/periodevis	4	8	12	16	20
3 Sannsynleg/fleire enkelttilfelle	3	6	9	12	15
2 Mindre sannsynleg/kjende tilfelle	2	4	6	8	10
1 Lite sannsynleg/ingen tilfelle	1	2	3	4	5

- Hendingar i raude felt: tiltak er naudsynt
- Hendingar i gule felt: Tiltak vert vurdert gjennom kost/nytte

Vedlegg

Følgande dokument skal følgje saka:

- Føresegner – detaljreguleringsplan for sandtak Vie, datert: 27.06.2018
- Plankart - detaljreguleringsplan for sandtak Vie, datert: 27.06.2018
- Vedteke Planprogram datert: 08.10.2009
- 3D bilder sandtak Vie
- Rapportar i saka
 - Rapport frå kulturhistorisk registrering, datert 03.01.12, Sogn og Fjordane fylkeskommune.
 - Multiconsult- stabil avslutning av masseuttak, datert 14. 11.12.

FØRESEGNER DETALJREGULERINGSPLAN FOR SANDTAK VIE

Føresegner dagsett: 27.06.18

Plankart dagsett: 27.06.18

1. GENERELT

Desse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegner.

Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av bystyret i Førde kommune.

Etter at plankartet med desse føresegner er vedtekne, er det i planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene.

2. REGULERINGSFØREMÅL

Området er regulert til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (pbl § 12.5 nr.1)

Masseuttak BSM

Kommunaltekniske anlegg BAS

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12.5 nr.2)

Køyreveg SKV

Anna veggrunn- teknisk anlegg SVT

Landbruks-, natur- og friluftsføremål (pbl §12.5 nr. 5)

Landbruksføremål LL

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl §12.5 nr. 6)

Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone VNS

Omsynssoner (pbl §12.6)

Faresone- Høgspenningsanlegg H370_

Sone med særlege omsyn- bevaring kulturmiljø- H570_

Omsyn landbruk H510_

Bandlegging- bandlegging etter lov om kulturminner- H730-

Sikringsone- frisikt H140_1

Føresegnområde- rpBO

3. FELLES FØRESEGNER

3.1. Krav til byggesøknad

a. Bygg, anlegg og verksemder skal utformast med sikte på å sikre gode arkitektoniske løysingar og ta naudsynt omsyn til eksisterande miljø.

b. Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein detaljert, kotesett situasjonsplan.

3.2. Plassering og bygningsform

a. Bygningar skal plasserast innanfor dei regulerte byggegrenser. Der byggegrensa ikkje er vist, gjeld reglane i Plan- og bygningslova. Tillatt bebygd areal (BYA) vert definert etter den til kvar tid gjeldande byggeteknisk forskrift. %-BYA angir tillatt bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Parkering på bakkenivå vert rekna med i utnyttinga. Gesims- og kotehøgde vert rekna i samsvar med den til kvar tid gjeldande byggeteknisk forskrift, ut frå gjennomsnittleg planert terrengnivå.

3.3. Høgde på terreng, gjerde, m.v. mot offentleg veg og grøntareal

a. Terreng, gjerde, hekkar o.l. i føremålgrensa langs offentlege vegar skal ikkje vere høgare enn 1,2 m over vegnivået, og 0,5 m ved kryss eller avkøyrslar, jf. Kommunen sine normer. Sjø elles føresegnene som gjeld frisiktsone.

3.4. Parkeringsdekning

a. For oppstillingsplassar av bilar og sykklar gjeld til ei kvar tid gjeldande parkeringsnorm for Førde kommune.

3.5. Støy

a. Ved etablering av ny støyande verksemd og for arealbruk rundt eksisterande støyande verksemd skal støygrenser gitt i rettleiar T1442, eller seinare retningslinjer som erstattar denne vere gjeldande. I tillegg gjeld følgjande reglar:

Støynivået innandørs skal tilfredsstille krava i teknisk forskrift/NS8175 klasse C, eventuelt klasse D for eldre bygningar.

b. Naudsynte støytiltak skal vere utført før nytt bygg blir teken i bruk.

3.6. Støv

a. Verksemda er etter forurensningsforskriftens §30-4 pliktig til å gjennomføre støvdempande tiltak. I tillegg er verksemda etter forurensningsforskriftens § 30-9 pliktig til å gjennomføre støvnedfallsmålingar. Målingane skal foregå i 30 dagars intervalla over et år og skal ikkje avsluttast før målingane dokumenterer at grenseverdiane for nedfallstøv vert overhalde.

3.7. Automatisk freda kulturminner

a. Om det i samband med gravearbeida vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar, pliktar ein å stoppe arbeidet snarast og underrette kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. kulturminnelova §8 andre ledd.

3.8. Universell utforming

a. Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming/tilgjenge for alle.

Byggeområde skal utformast med tilfredstillande tilkomst.

Arbeidsbygg skal vere universelt utforma.

Universell utforming skal dokumenterast i byggesøknad.

3.9. Utnyttingsgrad

a. Maksimal utnyttingsgrad er fastsett som %-BYA, etter reglane i TEK. Eit vilkår for å utnytte tomte med maksimal %-BYA, er at krav til byggehøgde, byggegrense og dokumentert parkeringsdekning er innfridd.

3.10. Trafo, pumpehus og liknande

a. Innanfor byggjeområdet kan det oppførast trafokiosker, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig.

3.11. Drenering, tilgang til kommunaltekniske anlegg

a. Innanfor kvar tomt må utbyggar sørge for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt/privat leidningsnett etter godkjenning av kommunen. Anlegg

for overvatn skal dimensjonerast for framtidig nedbørsauke på 40% i år 2100.

b. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med nødvendig vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.

3.12. Kommunale normer og utbyggingsavtale

a. Offentlege trafikkområde og offentlege VA-anlegg innanfor planområdet skal opparbeidast i samsvar med kommunale normer og retningsliner vedtatt av Bystyret i Førde.

4. REKKEFØLGJEKRAV

4.1. Undersøkingar

a. For o_BAS1 er det krav om nærare undersøking/ dokumentasjon av grunnforholda i samband med søknad om byggeløyve.

5. BYGNINGAR OG ANLEGG

5.1. Andre kommunaltekniske anlegg

a. Formålet o_BAS1 er regulert til andre kommunaltekniske anlegg. Området skal nyttast til bygningar og areal der det kan drivast anlegg og drift av komposteringsanlegg.

b. Dette formålet er regulert med byggegrenser mot areala rundt.

c. Bygningar kan oppførast i to etasjar. Tekniske installasjonar kan etablerast på tak.

d. Maksimal gesims-/byggehøgde skal ikkje overstige 7 m. Bygningane skal avtrappast ved fallande terreng.

e. Grad av utnytting settast til maks %-BYA=70%.

5.2. Masseuttak

a. I området for masseuttak BSM1 vert det tillate uttak, knusing, transport og lagring av lausmasse (grus og sand).

b. Yttergrensa for masseuttak skal følgje formåls grensa og avrundast/tilpassast mot eksisterande terreng. Uttaket skal utførast i

samsvar med godkjend driftsplan (i samsvar med kotenivå sett i plankartet) og konsesjon.

c. Drift i massetak skal gå for seg kvardagar måndag – fredag kl. 07 – 19:00. Opplasting og transport ut av området kan gå for seg måndag – laurdag kl. 06 – 23.

d. Formingsprinsipp:

-Toppdekket bør vere min. 20-30 cm av naturleg grus og jord for at planterøttene skal kunne feste seg og ha høve til å ta opp vatn og næring.

- Plan for revegetering og terrengforming skal lagast som del av driftsplanen. Revegetering og istandsetting av landskapet skal skje under og etter tiltaket er gjennomført.

e. Støy frå verksemda skal ligge innanfor rammene i kap.30 i Forurensningsforskriften. Følgjande ekvivalent støynivå ved bustader skal ikkje overskridast:

kl. 07:00 – 19:00 Lden= 55 dBA

Ved uttak av masse må ein sikra at knusarar står godt skjerma bak uttakskant eller massevollar, mot vest.

f. I samband med utbygging av areal med matjord, skal denne takast av og lagrast på ein slik måte at matjorda seinare kan nyttast som ~~vekstmedium~~. matjord

g. Før det vert gjeve løyve til oppstart skal det føreliggje ein plan/ avtale for korleis matjorda vert teke vare på. Matjorda kan mellomlagrast på utbyggjar sin grunn.

Matjorda skal nyttast som ~~vekstmedium~~ matjord så snart som råd er og kan straks plasserast permanent på område.

j. Det er krav om ny detaljregulering for etterbruken av BSM1, den dagen arealet skal nyttast til andre utbyggingsformål enn masseuttak.

k. Det skal utarbeidast plan, knytt til driftsplan, for utvinning av masser.

Når uttak av lausmassar vert områdevis avslutta, skal det gjennomførast opprydding og istandsetting i samsvar med godkjent driftsplan. Avdekningsmassar og jord skal tilbakeførast inn i uttaket for reetablering

av landbruksareal. Istandsetting av randsoner bør skje undervegs når det ikkje er til hinder for vidare drift.

Det same gjeld dersom drifta (fysisk uttak av lausmassar) stansar opp i meir enn 2 år. Området skal ryddast for maskiner, utstyr, skrapmassar og liknande. Bygningar knytt til drifta skal fjernast, dersom dei ikkje kan inngå i ny bruk.

6. SAMFERDELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

6.1. Køyreveg – privat, SKV1

a. Privat veg SKV1 er eksisterande tilkomstveg for området. Denne vert liggjande slik den er i dag.

6.2. Annan veggrunn – tekniske anlegg

a. Dette føremålet omfattar areal som naturleg høyre til vegen som grøft, skjering, fylling, mur, rekkverk m.m.

b. I samband med utbygging av ny veg, skal tilstøytande areal setjast istand igjen, herunder eksisterande avkøyrslar.

7. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL

7.1. Landbruksformål

a. Området LL1 er eksisterande dyrka mark som skal nyttast til landbruksformål som i dag. Området LL2-LL4 er landbruksformål kan nyttast til revegetering for å gje betre skjermingseffekt mot masseuttaket.

8. §12-5. NR. 6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

8.1. Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, VNS

a. VNS er naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Elvelaupet i Jølstraelva kan plastrast og sikrast mot erosjon slik at

flaumvatn ikkje fører til skade på omkringliggende område. Elvedragets naturlege vegetasjon og terreng skal takast vare på i størst mogleg grad.

Anlegg og konstruksjonar utover dette er ikkje tillate i dette området. Områda skal ha tilgjenge for ålmenta og skal ikkje gjerdast inn.

9. OMSYNSSONE

9.1. Sikringsone – frisiktzone- H140

a. I området mellom frisiktlinje og køyreveg (frisiktsona) skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane. Vegetasjon kan ryddast, tre hoggast og fjell sprengast for å halde frisiktsona oversiktleg. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona, dersom dei ikkje hindrar fri sikt. Parkeringsplassar kan ikkje etablerast i frisiktsonene. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar blir fjerna.

9.2. Faresone – Høgspenningsanlegg- H370

Horisontal avstand til viktige bygningar må vere meir enn 18.0 meter målt frå senter av høgspenteleidningen

9.3. Sone med særlege omsyn til landbruk- H510

a. Kjerneområde landbruk- Innanfor omsynssoner kjerneområde landbruk, er det ikkje tillate med tiltak eller fysiske inngrep som kan medføre øydelegging eller nedbygging, eller som på annan måte kan redusere bruksverdien av områda vesentleg i høve aktiviteten det er lagt til rette for.

9.4. Sone med særlege omsyn – bevaring kulturmiljø- H570

a. Ved planlegging, utbygging og gjennomføring av tiltak skal nye bygningar og anlegg, samt endringar av eksisterande, formast i samspel med omgjevnaden sin karakter, naturgjevne forhold på staden, og kulturlandskapet. Bygg skal ha ein heilskapleg form-, farge- og volumoppbygging i høve omgjevnadane, og fremje gode uteareal.

b. Nye bygg i etablerte område skal innordne seg i høve volum, høgde, og materialbruk i området. Avvik frå dette kan godkjennast etter vurdering av ein detaljert utgreiing og synleggjering kvifor dette er rett (3D perspektivteikning av miljøet kring tiltaket).

9.5. Bandlegging- bandlegging etter lov om kulturminner- H730

a. I omsynssone H730 er følgjande kulturminne freda etter Kulturminnelova § 4 (automatisk freda):

Omsynssone – H730_1: - ID 132169-1 Vie, kokegroplokalitet

b. Areal er bandlagt etter Kulturminnelova § 3: «Ingen må - uten at det er lovleg etter § 8 (tillatelse til inngrep) sette i gang tiltak som er eigna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalla fare for at dette kan skje».

10. Føresegnområde

10.4 Krav om arkeologisk utgraving i rpBO- områder:

a. Før iverksetting av tiltak i tråd med reguleringsplanen, skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av heile eller delar av dei automatisk freda kulturminna merka rpBO, ID 132177-1 og ID 151808.

b. Det skal tas kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfang av de arkeologiske utgravingane kan fastsettast.

~~c. Når Fylkeskulturavdelinga har frigjeve dei to lokalitetane kan ein iverksette tiltak i tråd med reguleringsplanen.~~

